



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

22. mars 2023

Austrheim kommune
Sætremarka 2
5943 Austrheim

Krav om omgåande stans av ulovlege tiltak på gbnr 156/82 og 17 Austrheim

På synfaring i dag, 22.03.23, oppdaga Naturvernforbundet Nordhordland omfattande ulovleg arbeid i forlengingane av Nipebeitevegen mot nordvest og langs greina mot vest. Inngrepa representere etter vårt syn grove og forsettlege brot på Forskrift om landbruksveggar og Naturmangfaldlova.

Tiltakshavar Odd Haugen har ved fleire høve openlyst trossa krav frå kommunen om stans i arbeidet og søknadsplikt.

Nipevegen mot nordvest

Vegen er utan løyve forlenga med meir enn 200 m nordvestover og inn i vassdraget og våtmarksområdet som renn nordaustover, jfr. kart i søknad. Vegen kryssar og demmar opp bekken med fare for skade på artar i våtmarksområdet. Det er laga borehol for vidare utsprenjing nordover i lyngheia, også det med risiko for skade på naturmangfald, m.a. hubro, svartstrupe og breibandpraktviklar.

Naturvernforbundet krev omgåande stans av arbeidet, tilbakeføring og sanksjonar etter Forskrift om landbruksveggar. Steinmassane i bekken og myra må fjernast.

Nipevegen mot vest

Vegen har fått løyve til klasse 7 traktorveg utan massetak. Slik står ikkje prosjektet fram.

Eit samanhengande beiteareal er delt i to med ei vegskjering som er om lag 5-6 m høg. Massetaket har vore stort, i strid med løyvet. Det er lagt til rette for vidare utsprenjing vestover med borehol, utan løyve. Traktorvegen er bygt i langt høgare landbruksvegklasse, i strid med løyvet.

Landskapsinngrepet er omfattande, og dei høge skjeringane representer monaleg fare for barn og vaksne, også fordi dei er rasfarlege. Vegen er næraste nabo til bustadfeltet i Heiane med mange barnefamiljar

Naturvernforbundet krev omgåande stans også av dette arbeidet, tilbakeføring til i samsvar med løyvet, m.a. attfylling av skjeringa, og sanksjonar etter Forskrift om landbruksveggar. Borehola i vest må dekkjast til.

Kommunen må av omsyn til landskap og naturmangfald (sjå over) ikkje opna for vidareføring av vegen inn i våtmarksområdet og kystlyngheia nordvestover.

Jan Nordø
Leiar

Kopi: Landbrukskontoret for Alver, Austrheim og Fedje

